

## Nytt frå PKO 07. november 2019.



### Innføring av "medikamentskrinet" i Helse Førde

PKO har fått ein epost frå Marthe H Aase, Kreftsjukepleiar i Palliativt team i Helse Førde. Ho representerer "Styringsgruppa i nettverk for ressursjukepleiarar" og skriv at dei no er under innføring av medikamentskrinet i Helse Førde. Vidare skriv ho: " All informasjon som legane vil trenge ligg i linken som eg legg ved. Vi har tru for at legane syns dette er kjærkome i møte med den palliative pasienten. Med medikamentskrinet vert også behandlingsalgoritmane over dei 4 viktigaste medikamenta i palliasjon sende med skrinet. Dette vil gjere arbeidet enklare for legane i møte med pasienten, særleg då ressursjukepleiarane alt er kjende med ordinasjonane. "

<https://helse-bergen.no/kompetansesenter-i-lindrande-behandling/palliasjon-verktoy-for-helsepersonell/medikamentskrin-vaksne>



### Allmennlegane sine mikrobiologi- og patologisvar kjem no automatisk inn i DIPS.

Frå 30. oktober 2019 vil det automatisk bli sendt kopi av prøvesvar frå mikrobiologisk avdeling og avdeling for patologi til Helse Førde sitt pasientjournalssystem DIPS for prøvar som er tekne av eksterne rekvirentar (legekontor m.v.).

Dette har ikkje vore praksis i Helse Førde hittil. Helse Førde har har no fått juridisk avklaring om at dette er tillete etter journalforskriften.

Dette betyr at prøveresultata ligg tilgjengelege i DIPS dersom pasienten leggest inn eller

henvisast til Helse Førde, noko som er ein stor fordel.  
[Infobrev mikro pat okt 2019.pdf](#)

<https://labanalyse.helse-forde.no/labinfo/>

---



## **Osteoporosepoliklinikken; beintettheitsmåling indikasjonar, tilvisingar, diverse problemstillingar.**

Etter at osteoporosepoliklinikken ved revmatologisk avdeling blei evaluert og endra i drift og epikrisestruktur fra hausten 2018, er det eit veldig positivt inntrykk der mange primærleger via dialogmeldingar men også via opplysningar i henvisningane har stor kunnskap og interesse for utgeiing og behandling av osteoporose. Det er ei oppfatning at fastlegane er meir fornøgde med tilbakemeldingane fra osteoporosepoliklinikken etter omlegginga. Revmatologisk avdeling kjem her med nokre generelle råd/presiseringar.

[Osteoporosepoliklinikken-indikasjoner, tilvisingar, diverse problemstillinger.pdf](#)

---



## **Voksne fimosepasientar kan bli sett opp rett til operasjon ved tilvisingar med tilstrekkeleg informasjon**

Overlege Marius Dalin ved urologisk seksjon har sendt epost til PKO og informert om muleghet til å forenkle litt for voksne pasientar med fimose dersom det blir gitt gode kliniske opplysningar. "Dersom både tilstanden er avklart og fastlege informerer kort om kirurgien, lokalbedøvelse og bekrefter overfor oss at pas er innstilt på kirurgisk behandling i lokal kan vi like godt planlegge for op på kir pol i lokal direkte, så slipper de en ekstra tur. Dette som en liten oppfordring for å korte ventinga for de det gjelder".



## PKO kalender

### Fagdag om vald og overgrep mot barn

Dato: 20. november 2019 09:00 - 15:15

Sted: Skei, Thon hotel Jølster

Ansvarlig:

Helse Førde og Fylkesmannen

Målgruppe:

Legar og anna helsepersonell

Påmeldingsfrist:

06.11.2019 23:00

<https://www.fylkesmannen.no/nb/vestland/kurs-og-konferansar/2019/11/fagdag-om-vald-og-overgrep-mot-barn/>

---

### IPS KURS I FØRDE 19.-20.november

IPS, Individual placement and support er ein forskingsbasert metode for å hjelpe personar med moderate og alvorlege psykiske vanskar og/ eller rusproblem til å få og behalde ordinært lønna arbeid. Påmelding: [Karen.skretting.hovlid@nav.no](mailto:Karen.skretting.hovlid@nav.no)

Sjå elles

<https://www.napha.no/content/22168/Kurs-i-individuell-jobbstotte-IPS-og-supported-employment-SE>

---

### Regionalt, tverrfagleg nettverksmøte innan rehabilitering for personar med lungesjukdom

Tid: 16.-17.mars 2020

Stad: Grand Hotel Terminus, Zander Kaes gate 6, 5015 Bergen

Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering arrangerer

to dagars tverrfagleg nettverksmøte innan rehabilitering for personar med lungesjukdom. Målgruppene er helsepersonell i kommunar og spesialisthelsetenesta, brukarar og andre interesserte som jobbar med eller har interesse for feltet.

[PROGRAM regionalt nettverksmøte lungerehab Bergen-mars 2020.pdf](#)

---

# Akuttmedisinsk kurs for legevaktspersonell 2020

[Akuttmedisinsk kurs for legevaktspersonell Helse Førde Mars 2020.pdf](#)

---

## Diabetesforum - Helse Førde-området

22.-24. april 2020

Rica Sunnfjord Hotell.

Tverrfagleg kurs - godkjent som emnekurs for allmennlegar.

Meir info kjem etter kvart på

<http://diaforum.net/>

Med helsing

**Anne Stubdal, Jan Ove Tryti, Normund Svoen**

Praksiskonsulentar

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

Helse Førde HF

[www.helse-forde.no](http://www.helse-forde.no)

